



Stendal VVS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1870 - 16/15499

Saksbehandlar:

Reidun Iden Lædre

reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:

11.08.2016

## Godkjenning - tilkopling til kommunalt vassverk gbnr 25/8 på Fosse

**Administrativt vedtak. Saknr: 277/2016**

### Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført 12.07.2016, søkt om tilkopling til kommunalt vassverk for egedomen gbnr 25/8. Egedomen skal koplast til det kommunale vassverket frå felles privat kum eigd av gbnr 25/3, gbnr 25/6 og gbnr 25/8. Det ligg føre solidarisk avtale om ansvar for den private kummen. Derfrå går det ein om lag 200 meter privat stikkeledning fram til våningshuset. Leidningen går over gbnr 25/7 og gbnr 25/8, jf motteke kart. Det er tiltakshavar som er eigar av begge egedomane. Det er opplyst at denne leidningen vart etablert for fleire år sidan. Det skal monterast vassmålar frå våningshuset og fram til fjøset.

### Vurdering:

Egedomen har godkjent avlaupsløysing med slamavskiljar. Naudsynte erklæringar ligg føre og administrasjonen har ingen merknad til at egedomen vert tilknytt det kommunale vassverket.

### Plassering:

Tiltaket skal plasserast som vist på motteke situasjonskart, journalført 12.07.2016.

### Ansvarsrett:

Ansvarsrett i saka går fram av erklæring om ansvarsrett, journalført 12.07.2016.

Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav i eller i heddald av lov, jf pbl § 23-1.

### Vedtak

«Meland kommune godkjenner at egedomen gbnr 25/8 vert tilknytt kommunalt vassverk i samsvar med søknad, journalført 12.07.2016 på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.
- Tilknyttinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.
- Det må monterast vassmålar i driftsbygningen. Kommunen må få melding om målarnummer, dato for installasjon, målarstand og målararen si plassering.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2016 er tilknytingsgebyret for vatn kr 15 000,- pluss mva, per bueining.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.»

**Mynde:**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

25-8

**Kopi til:**

Geir Atle Fosse

Fosse 168

5918

FREKHAUG

**Mottakere:**

Stendal VVS